



## Løyve til verksemd etter ureiningslova for Langmoen Avfallsanlegg IATA

Løyve er endra i medhald av Lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, jf § 18, jf forskrift om gjenvinning og behandling av avfall, kap 9 om deponering av avfall § 9-7, jf kap. 11 om farlig avfall. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i tidlegare søknad, samt opplysningar framkome under handsaminga av søknaden.

Denne løyva erstattar løyve datera 11.01.2006 med endringar av 15.03.2017  
Løyva gjeld frå dags dato. Krav i vilkår pkt. 3.3 a) trer i kraft 01.07.09

Verksemda må avklare skriftleg med Fylkesmannen dersom ein ynskjer å gjere endringar som kan ha innverknad på miljøet i høve til løyva.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet er gitt, skal verksemda sende Fylkesmannen ei utgreiing slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Verksemddata

Verksemd	Indre Agder og Telemark avfallsselskap IKS, Langmoen avfallsanlegg
Stad	Langmoen, Treungen
Gards- og bruksnr	Gnr.45, bnr. 172
Postadresse	Langmoen, 3855 Treungen
Kommune og fylke	Nissedal kommune, Telemark
Org. nummer (verksemd)	977 500 303
NACE-kode og bransje	”90.000 Kloakk- og renovasjonsvirksomhet”
NOSE-kode	”109.04.04 Land felling”
Deponikategori	Ordinært Deponi 2
Kategori for verksemda <sup>1</sup>	

### Fylkesmannen sine referansar

Arkivkode	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>2</sup>
06/347, 09/2244 og 11/5152	0830.008.01	2

Løyve gitt 24.06.2009	Endringsnummer: 3	Sist endra: 15.03.2017
Ingvar Oland nestleiar i miljøvernavdelinga		Anne-Lene Lundsett overingeniør

<sup>1</sup> Jf Forurensningsforskriftens kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven

<sup>2</sup> Jf Forurensningsforskriftens kapittel 39 om gebyr til statskassen for Statens forurensningstilsyns arbeid med tillatelser og kontroll etter forurensningsloven

<b>1</b>	<b>Rammer</b> .....	<b>2</b>
<b>2</b>	<b>Generelle vilkår</b> .....	<b>3</b>
2.1	Plikt til å redusere ureining så langt som mogeleg .....	3
2.2	Tiltak ved auka ureiningsfare .....	3
2.3	Internkontroll .....	3
<b>3</b>	<b>Særskilte vilkår for handtering, mellomlagring og deponering av avfall</b> .....	<b>4</b>
3.1	Handsaming av avfall før deponering .....	4
3.2	Avfall som kan deponerast .....	4
3.3	Avfall som ikkje kan deponerast .....	4
3.4	Mellombells lagring, sortering og handsaming av avfall .....	5
3.4.1	Mellombells lagring .....	5
3.4.2	Sortering .....	5
3.4.3	Handsaming av avlaupsslam .....	6
<b>4</b>	<b>Særskilte krav til visse typar avfall</b> .....	<b>6</b>
<b>5</b>	<b>Registrering og kontroll ved mottak av avfall</b> .....	<b>7</b>
<b>6</b>	<b>Vern av jord og vann</b> .....	<b>8</b>
6.1	Tiltak for å redusere mengde av sigevatn .....	8
6.2	Tiltak mot utlekking av sigevatn .....	8
<b>7</b>	<b>Deponigass</b> .....	<b>8</b>
<b>8</b>	<b>Nærmiljøtiltak</b> .....	<b>9</b>
8.1	Generelt .....	9
8.2	Støy .....	9
<b>9</b>	<b>Oppfylling og drift</b> .....	<b>9</b>
9.1	Oppfylling .....	9
9.2	Drift .....	10
9.3	Avslutning og etterdrift .....	10
9.3.1	Trinnvis avslutning .....	10
9.3.2	Endelig avslutning og etterdrift .....	11
9.3.3	Finansiell garanti og kostnadsdekning .....	11
9.4	Kontroll og overvaking .....	12
9.4.1	Oversikt over deponiets utvikling og vassbalanse .....	12
9.4.2	Meteorologiske data .....	12
9.4.3	Overvaking av sigevatn, overflatevatn og grunnvatn .....	12
9.4.4	Overvaking av deponigass .....	13
<b>10</b>	<b>Rapportering</b> .....	<b>13</b>
<b>11</b>	<b>Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt ureining</b> .....	<b>13</b>
11.1	Etablering av beredskap .....	13
11.2	Varsling av akutt ureining .....	14
<b>12</b>	<b>Eigarskifte</b> .....	<b>14</b>
<b>13</b>	<b>Tilsyn</b> .....	<b>14</b>

# 1 Rammer

Løyvet er gjeve Indre Agder og Telemark Avfallsselskap IKS, Langmoen Avfallsanlegg og gjeld for deponi i kategori 2 ordinært avfall på Langmoen gnr.45, bnr.172, Nissedal kommune.

Løyve gjeld ei årleg mengde deponert avfall på inntil 12 000 tonn. Løyve er basert på eit totalt fyllingsvolum på 90 000 m<sup>3</sup>.

Avfallsanlegget og deponiområdet skal avgrensast som vist i situasjonsplan, teikning nr. E-1 datera 19.10.05 oversendt Fylkesmannen 27.10.05.

Høgste punkt på ferdig avslutta deponi, medrekna dekkje på toppen og setningar, skal ikkje være høgare enn kote 180. Hellinga på sidene i avslutta deponi skal ikkje være større enn 1:5.

Løyvet omfattar også løyve til mellomlagring, handsaming og omlasting av avfall, inntil 5600 tonn pr. år.

## 2 Generelle vilkår

### 2.1 Plikt til å redusere ureining så langt som mogeleg

All ureining frå verksemda, slik som utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønska. Jamvel om utslepp vert haldne innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, slik som støy og lukt, så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

### 2.2 Tiltak ved auka ureiningsfare

Dersom det som følge av unormale driftsforhold eller av andre årsaker oppstår fare for auka ureining, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka ureiningsfaren, også om naudsynt å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få ureiningsmessige konsekvensar. Akutt ureining skal varslast i høve til pkt. 11.2

### 2.3 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for si verksemd i høve til gjeldande forskrift om dette<sup>3</sup>. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, ureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovane. Verksemda pliktar å holde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar til ei kvar tid til å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til ureining og kunne gjere greie for risikotilhøva.

---

<sup>3</sup> Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr. 1127 (Internkontrollforskriften)

### 3 Særskilte vilkår for handtering, mellomlagring og deponering av avfall

#### 3.1 Handsaming av avfall før deponering

Handsaming av avfallet skal sikre at innhaldet av organisk materiale ikkje overstig krava i forskrifta til maksimum innhald<sup>4</sup> og kriteria i vedlegg II til avfallsforskrifta kap.9.

Avfall som lett kan materialgjenvinnast skal ikkje deponerast.

#### 3.2 Avfall som kan deponerast

Løyvet omfattar deponering av avfall som oppfyller mottakskriteria i avfallsforskrifta kap. 9 og vedlegg II for inert avfall og ordinært avfall samt farleg avfall som kan deponerast saman med ordinært avfall. Total mengde avfall til deponi skal ikkje overskride 12 000 tonn pr. år. Løyvet er avgrensa til følgjande typar og mengde:

Ordinært avfall:

- restavfall frå hushald
- restavfall frå næringsverksemd

Farleg avfall - årleg mengde

- inntil 2 tonn avfall frå sandblåsing som innehelder farlege stoffar (EAL 120116)
- inntil 2 tonn slam frå oljeutskiljar (EAL 130503)
- inntil 5 tonn kasserte utstyr som innehelder fri asbest (EAL 160212)
- inntil 5 tonn asbesthaldig isolasjonsmaterialar (EAL 170601)

Anna farleg avfall som er i samsvar med krava i avfallsforskrifta, kap. 9, vedlegg II 2.3.1 kan deponerast på deponi for ordinært avfall.

#### 3.3 Avfall som ikkje kan deponerast

Det er ikkje lov å deponere følgjande avfallstypar, jf avfallsforskrifta kap. 9, § 9-4.

- a) Biologisk avfall som let seg bryta ned, med unntak av avfall kor total organisk karbon (TOC) ikkje overstig 10% eller kor glødetapet ikkje overstig 20%.  
Det er likevel lov å deponere;
  - Gateoppsop
  - Ureina jord og ureina muddermasser
  - Ristegods, silgods og sandfangavfall frå avlaupsreinseanlegg
  - Avlaupsslam som ikkje tilfredsstiller kvalitetskrava for gjødselsvarer
  - Ureiningsstyresmakta kan i særlege høve tillate deponering av anna biologisk avfall som let seg bryta ned.
- b) Flytande avfall.

---

<sup>4</sup> Fastsettes med endring av forskriften iht. SFTs strategi for deponiforbud for nedbrytbart avfall

- c) Avfall som under tilhøva i et deponi må sjåast på som eksplosivt, radioaktivt eller etsande, oksiderande, meget brannfarlig eller brannfarlig, jf vedlegg 3 til kap. 11 om farleg avfall.
- d) Smittefarleg avfall frå sjukehus og annan medisinsk eller veterinærmedisinsk verksemd, og avfall frå forskning og utvikling eller undervisning som inneheld kjemiske stoff som er ukjent og/eller er nye og der effekten på menneskjer eller miljø ikkje er kjent.
- e) Hele kasserte dekk og kverna kasserte dekk, med unntak av sykkeldekk.
- f) Einkvar annan type avfall som ikkje oppfyller kriteria for mottak av avfall, jf vedlegg II til kap. 9 i avfallsforskrifta. Det er forbod å tynne ut eller blande avfallet utelukkande i den hensikt å oppfylle kriteria.

Kravet i punkt a) trer i kraft frå 01.07.09

### **3.4 Mellombells lagring, sortering og handsaming av avfall**

Det gis løyve til mellombells lagring, sortering og omlasting i påvente av ekstern disponering, intern bruk eller deponering.

#### **3.4.1 Mellombells lagring**

Det gis løyve til mellombells lagring og omlasting av inntil 1500 tonn av følgjande fraksjonar;

- Park og hageavfall
- Rent trevirke
- Impregnert trevirke
- Glas
- EE-avfall
- Papp/papir
- Plast
- Metall
- Bildekk
- Tekstilar
- Farlig avfall frå hushald

Det skal være kontroll med mengder som tas inn og ut av lager. Avfall som ligger på lager skal disponerast i høve til avfallsforskrifta kap. 9, § 9-2.

Fraksjonar skal lagrast separat og overdekkast /emballerast etter behov for å unngå flygeavfall og støvulemper.

Mellombells lagring skal skje slik at avfallet ikkje tilføres overflatevatn.

Lager for hage- og parkavfall samt sortert trevirke skal sikres mot sjølvtenning og brann.

#### **3.4.2 Sortering**

Det skal etablerast og drivast anlegg for mottak, utsortering og mellomlagring av avfall som skal gjenvinnast eller av andre grunnar ikkje kan deponerast på avfallsplassen. Anlegget skal

utstyrast med eigne containerar/ behaldarar for mellomlagring av dei avfallsfraksjonane som krev det. Mellomlagring av utsorterte avfallsfraksjonar vert tillate når det ikkje fører til spesielle miljømessige eller hygieniske ulemper.

### **3.4.3 Handsaming av avlaupsslam**

Det vert tillat mottak og handsaming av inntil 2000 tonn avvatna og 2000 tonn uavvatna avlaupsslam pr. år på eige opparbeida område på avfallsanlegget. I tillegg vert det tillatt å handsame avfall frå råtnetanken i biogassanlegget som følge av driftstans ved uhell eller naudsynt vedlikehald.

Sigevatn frå område for avvatning og kompostering av avlaupsslam kan infiltrerast direkte i grunnen.

Anlegget kan ta imot avvatna slam frå slamlaguner, mobilt avvatningsaggregat og kommunale reinseanlegg. Avlaupsslam som vert tilført kompostanlegget og/eller mellomlagring skal ha eit tørrstoffinnhald på minimum 20%. Anlegget skal ha kapasitet til å handsame og lagre ei slammengde tilsvarande minimum tre års produksjon. Avlaupsslam som etter handsaming ikkje tilfredstiller kvalitetskrava i gjeldande forskrifter kan deponerast. Uavvatna avlaupsslam vert tillate avvatne i eigne avvatningslaguner i dei stadlege lausmassane.

Det er ein føresetnad for løyvet til handsaming av avlaupsslam at ferdig kompost vert nytta som eit produkt. Slammet skal tilfredstille krava som er gitt i forskrift om gjødselsvarer m.v. av organisk opphav.

## **4 Særskilte krav til visse typar avfall**

Ved deponering av farleg avfall skal avfallet vere deklarerert i samsvar med reglane i avfallsforskrifta kap. 11 om farleg avfall. Det skal vere etablert rutinar som sikrar kontroll med dette og at vidare handtering av deklarasjonsskjema skjer på forskriftsmessig måte.

### Deponering av ristgoods og sand frå sandfang (EAL 190801/190802)

Avfallet skal vere avvatna før deponering og skal straks overdekkast.

### Deponering av gips

Gipsavfall skal deponerast i celler der det ikkje vert motteke biologisk nedbrytbart avfall.

### Deponering av asbest

Asbest skal deponerast i eigne celle sette av til dette formål. Cellene skal være avmerka på kart. Asbesthaldig avfall klassifisert som farleg avfall og anna asbesthaldig avfall kan samdeponerast. Avfallet skal være emballert ved mottak og leveransar skal som hovudregel være varsla. Mottatt avfall skal umiddelbart etter kontroll deponerast og overdekkast med hensiktsmessig materiale. Det skal ikkje utførast noe arbeid på deponiet /cella som kan føre til utslipp av fiber (f.eks. boring).

### Deponering av slam frå oljeutskiljar

Slam frå oljeutskiljar skal avvatnast og komposterast før deponering i celler avsett til farleg avfall. Cellene skal være avmerka på kart.

### Deponering av avfall frå sandblåsing som inneheld farlege stoff

Mottatt avfall skal umiddelbart etter kontroll deponerast og overdekkast med eigna masser for å unngå støv.

### Deponering av ureine masser

Det kan deponerast ureine masser som regnast som farleg avfall i høve til avfallsforskrifta kap.11 vedlegg 3. Det føresett da et ein dokumenterar at massane ikkje overstig krava i avfallsforskrifta kap. 9 vedlegg II, pkt 2.3.1. om deponering av farleg avfall på deponi for ordinært avfall.

Masser med eigna eigenskapar kan brukast som overdekkingsmasse og til interne vegar som erstatning for reine masser.

## **5 Registrering og kontroll ved mottak av avfall**

Alt motteke avfall skal registrerast, det skal førast logg og avfallet skal vegast før det vert deponert, jf avfallsforskrifta kap. 9, § 9-12. Registreringa skal elles skje i tråd med styresmaktene sine krav til rapportering.

Alt avfall som vert motteke, skal kontrollerast. Kontrollen skal avdekke om forskrifta sine reglar om handsaming av avfallet er oppfylt før det deponerast og om innhaldet i avfallet er i samsvar med løyvet.

Mottakskontrollen skal minimum følgje krava fastsett i avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg II.

Alt avfall skal kontrollerast visuelt før og etter lossing og samanliknast med dokumentasjonen frå avfallsprodusent. Den visuelle kontrollen skal gjennomførast slik at den kan avdekke eventuelle avvik mellom avfallets basiskarakterisering og det faktiske innhaldet i den enkelte leveranse.

Det skal i tillegg takast stikkprøvekontroll med prøvetaking og analyse av avfallets samansetning (testing). Stikkprøvekontrollen skal minst omfatte 1 av kvar 100 avfallsleveranse ved deponiet i høve til vedlegg II, punkt 1.4. Kravet til prøvetaking og analyse gjeld ikkje restavfall frå hushald, kasserte avfall kor det ikkje er praktisk mogleg å utføre prøvetaking og/eller analyser samt for enkelte typar inert avfall i høve til vedlegg II, punkt 1.2 a (f.eks. kassert glas, glasfiber, betong, murstein, rein jord og stein.). Stabilt, ikkje-reaktivt asbestavfall som ikkje inneheld andre farlege stoff er også unntatt frå dette kravet.

For andre typar inert avfall og farleg avfall som deponerast, skal stikkprøvekontrollen også omfatte analyser av avfallets utlekkingssegenskapar.

Prøvetaking og analyse av avfallet skal gjennomførast i samsvar med krava fastsett i avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg II, punkt 3.

Verksemda pliktar å føre ein stikkprøvekontroll utover dette der det ligg føre ei mistanke om at avfallet som ønskes deponert kan innehalde farleg avfall eller anna avfall i strid med avfallsforskrifta kap. 9 og denne løyva.

Dersom det vert oppdaga avfall som ikkje er tillate å deponere, eller at dokumentasjonen frå avfallsprodusent ikkje er tilstrekkeleg til å vurdere den opp mot mottakskriteria, skal avfallet

avvisast for deponering. Avvist avfall for deponering må meldast til Fylkesmannen, jf avfallsforskrifta kap. 9, vedlegg II. punkt 1.4.

Resultat av stikkprøvekontrollen skal oppbevarast i minst 2 år. Resterande dokumentasjon på mottatt avfall, både for den einskilde leveranse (mengde, type og produsent), samandrag av basiskarakterisering og eventuell resultat av verifikasjon skal oppbevarast i hele deponiets levetid, inkludert etterdriftsfasen. For ureina jord gjelder kravet til oppbevaring av dokumentasjon ikkje bare samandraget av basiskarakteriseringa, men heile basiskarakteriseringa med risikovurderinga og analyseresultat.

## **6 Vern av jord og vann**

### **6.1 Tiltak for å redusere mengde av sigevatn**

Vassinnhald av fukt i deponert avfall skal avgrensast til den mengda som trengst for å oppretthalde ein optimal gassproduksjon.

Verksemda skal ha kontroll med innsig og inntrenging av grunn- og overflatevatn og om nødvendig setja i gang tiltak for å redusere vassinntrenging til deponiet. Nedbørsfeltet til fyllinga skal i størsts moglege grad avgrensast til det arealet som er opent for deponering. Avslutta fyllingsetapper skal være tildekkka med masser for å redusere infiltrasjonen av nedbør i avfallet.

### **6.2 Tiltak mot utlekking av sigevatn**

For eksisterande deponiceller, har Fylkesmannen gitt dispensasjon frå krava til dobbel botntetting i høve til vedtak av 29.06.2004.

## **7 Deponigass**

Verksemda skal ha regelmessig kontroll med diffuse utslepp av deponigass og gassuttaksanlegget sin effektivitet, og om nødvendig setje i verk avbøtande tiltak. Innan 01.07.2010 skal verksemda ha evaluert effektiviteten til eksisterande gassuttak og vurdert behov for oppgraderingstiltak.

Deponigass skal samlast opp for energiutnytting, alternativt fakling, frå alle deponiceller med signifikant gassproduksjon, både i drifts- og etterdriftsperioden. Oppsamlingsanlegget skal dimensjonerast, byggast og drivast for eit miljømessig optimalt gassuttak, tilpassa deponiet sin storleik og venta/utrekna gasspotensial. Eventuelt avslutning av gassoppsamling må på førehand godkjennast av Fylkesmannen.

Oppsamling, handsaming og utnytting av deponigass skal utførast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for helse eller miljø.



## 8 Nærmiljøtiltak

### 8.1 Generelt

Den ansvarlege for verksemda skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljølempene som følgje av deponidrifta vert redusert til eit minimum.

Flygeavfall skal avgrensast mest mogeleg, blant anna ved oppsetting av gjerde eller fangnett med tilstrekkeleg høgde. Om nødvendig må verksemda syte for jamleg opprydding, minimum 1 gang pr. år.

Det skal utarbeidast eige rutinar for å hindre skadedyr og fugleplager.

Avfallsanlegget skal skjermast mot innsyn.<sup>5</sup>

Lukt og støv frå deponiet/avfallsanlegget skal til alle tider ha så låge verdiar at bustadområde og offentlege områder ikkje vert nemneverdig sjenert. Om nødvendig må lukt- og støvreduserande tiltak setjast i verk straks.

### 8.2 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustadar, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller rekna ut som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Hverdager	Lørdager	Søn- og helligdager	Kveld (kl. 19-23), hverdager	Natt (kl. 23-07), alle døgn	Natt (kl. 23-07), alle døgn
55 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>	45 L <sub>den</sub>	50 L <sub>evening</sub>	45 L <sub>night</sub>	60 L <sub>AFmax</sub>

L<sub>den</sub> er A-veiet ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L<sub>evening</sub> er A-veiet ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19 - 23.

L<sub>night</sub> er A-veiet ekvivalent støynivå for nattperioden 23 – 07.

L<sub>AFmax</sub> er A-veiet maksimalnivå for de 5-10 mest støyende hendelsene innenfor perioden, målt/beregnet med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Alle støygrenser skal overhaldas innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjelder all støy frå verksemd sin ordinære virke, inkludert intern transport på bedriftsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

## 9 Oppfylling og drift

### 9.1 Oppfylling

Deponiet skal utformast slik at avfallsmassen er stabil, og slik at det ikkje vert skade på tilknytte strukturar på grunn av ujamne setningar, utgliding eller andre stabilitetsbrot.

<sup>5</sup> Der hvor det er relevant av omsyn til å redusere naboar sin sjenanse av anlegget

Avfallet skal deponerast i celler på ein slik måte at det arealet som er i bruk vert så lite som mogeleg. Kvar celle skal avsluttast og overdekkast før ei ny celle vert teke i bruk, jf. vilkår 9.3.1.

Så lenge det vert deponert biologisk avfall som let seg bryta ned avfall på deponiet, eller tidlegare deponert avfall i same celle framleis produserer gass, skal oppfyllinga og drifta leggje til rette for ei best mogeleg gassoppsamling og behandling.

Deponert avfall skal komprimerast minimum same dag og deponiceller som er i bruk skal dekkast til jamleg.

Både komprimeringsgrad og frekvens på tildekkinga av avfallet må vere tilpassa avfallstypen i høve til risiko for miljøulemper, innverknad på gassproduksjon i deponiet og klimatiske tilhøve. Dette skal konkretiserast i verksemda sine driftsrutinar.

Masser som vert nytta til mellombells tildekking av avfallet skal vere eigna til føremålet. For å hindre at det oppstår tette barrierar for gjennomstrømming av vatn nede i deponiet, må massane ha ein høg permeabilitet.

Det skal gjerast årlege registreringar og utbetringar av setningar i deponiet både under aktiv drift og i etterdriftsfasen.

## **9.2 Drift**

Det skal vere etablert prosedyrar og rutinar for drift, vedlikehald, kontroll og overvakning av deponiet i driftsfasen. Desse skal sikre at krava i avfallsforskrifta og dette løyvet vert halde.

Alle prosedyrar og rutinar som er nemnde ovanfor må vere på plass innan 01.03.2010.

Eventuelle endringar i høve til oppfyllingsplanen som er vedlagt søknaden, må varslast til Fylkesmannen.

Deponiet skal sikrast mot tilgang for uvedkommande og vere utilgjengelig utanom driftstidene. Om nødvendig må heile avfallsanlegget inngjerdas.

Brenning av avfall på deponiområdet er ikkje tillate.

## **9.3 Avslutning og etterdrift**

### **9.3.1 Trinnvis avslutning**

Før ei deponietappe vert avslutta skal verksemda ha vurdert og avklart med Fylkesmannen kor tett toppdekket skal vere. Dersom det seinare skal etablerast nye celler oppå denne etappen, skal denne kun midlertidig tildekkjast med tette masser eller kunstig membran.

For celler som inneheld organisk avfall, skal utforminga av toppdekket bidra til å sikre at det skjer ein tilstrekkeleg vasstilførsel til å oppretthalde nedbrytningsprosessane i deponiet og oppsamling av produsert gass, samstundes som utvasking av avfallet vert avgrensa til eit

minimum. Det skal leggst til rette for biologisk metanoksidasjon i lekkasjepunkt og som supplement til ordinær gassoppsamling.

Celler utan organisk avfall, men med risiko for utvasking av ureine stoff, skal ha eit toppdekkje med eit tettingslag bestående av 0,5-1 m leire med ein hydraulisk konduktivitet på  $1 \times 10^{-9}$  m/sek eller lågare, eller ein kunstig membran.

Toppdekkje er her nytta som eit felles ord for dei lag med massar eller membranar som leggst oppå avfallet etter at deponeringa har opphørt. Utforminga av toppdekket skal hindre erosjon og tilpassast etterbruken av areala.

### **9.3.2 Endelig avslutning og etterdrift**

Når omsøkte deponivolum er utnytta eller løyvet ikkje lenger gjeld, skal deponiet avsluttast. Den ansvarlege for løyvet IATA, Langmoen Avfallsanlegg, har ansvar for etterdrift av anlegg og installasjonar i minst 30 år etter avslutting.

Seinast 1,5 år før avfallsdeponeringa skal opphøyre, skal verksemda leggje fram ein plan for endeleg avslutting og etterdrift. Planen skal mellom anna omfatte eit revidert overvåkingsprogram for vatn og deponigass i etterdriftsfasen og gi eit framlegg til endeleg utforming og etterbruk av deponiet. Planen må ta høgde for etterfylling på grunn av setningar og framleis drift av anlegg for behandling av gass og eller/ sigevatn.

Deponiet skal ha ei konveks form. Toppdekket skal formast i høve til vilkår 9.3.1. For celler avsett til deponering av asbest, skal det endelige toppdekket være egna til å hindre spreing av fiber. Det skal gjerast naudsynte tiltak for å avgrense mogleg bruk av området etter at deponiet er avslutta, for å unngå at menneskjer kommer i kontakt med avfallet.

Vekstsjiktet (dvs. øvste del av toppdekket) skal berre vere av reine masser. Dersom arealet skal nyttast til jord- eller skogbruk, må vekstsjiktet vere djupt nok til å tole pløying eller anna handsaming av jorda. Etter at eit område er endeleg avslutta skal det skje ei rask tilsåing/planting av området.

Før deponiet vert vurdert avslutta og stengd, skal Fylkesmannen varslast. Fylkesmannen skal ha høve til å gjennomføre ein sluttinspeksjon på deponiet før det vert avslutt i høve til godkjent plan. På bakgrunn av sluttinspeksjonen kan Fylkesmannen fastsetje ytterlegare vilkår for avslutting og etterdrift.

Det er ikkje tillate å nytte deponiet til bustadføremål før etterdriftsfasen er over.

### **9.3.3 Finansiell garanti og kostnadsdekning**

Verksemda skal innan 01.07.2009 ha etablert ein tilfredsstillande finansiell garanti eller anna tilsvarande sikkerheit for deponiet for å sikre at pliktene som følgjer av denne løyva og naudsynte tiltak i avslutnings- og etterdriftsfasen, kan oppfyllast. Dessutan vises det til veileder TA-2150/2006 om finansiell garanti for avfallsdeponier.

## 9.4 Kontroll og overvaking

### 9.4.1 Oversikt over deponiets utvikling og vassbalanse

Verksemda skal årleg lage ein oversikt over deponiet si utvikling. Oversikten skal vise kor mykje areal som er teke i bruk, avfallsvolum og avfallssamansetjing, deponeringsmetodar, deponiet sin attverande kapasitet og varigheit.

Verksemda skal utarbeide eit rekneskap for deponiets vassbalanse for siste kalenderår.

### 9.4.2 Meteorologiske data

Meteorologiske data skal samlast inn for deponiet. Data kan hentast inn frå nærliggande målestasjon/ar som kan gi tilstrekkeleg informasjon for deponiområdet.

### 9.4.3 Overvaking av sigevatn, overflatevatn og grunnvatn

Det skal leggjast fram eit nytt miljøovervakingsprogram for Fylkesmannen **innan 01.10.17**. Miljøovervakingsprogrammet skal omfatte alle aktiviteter som kan tenkast å spreie ureining til grunnvatn og overflatevatn. Programmet skal byggje på «Veileder om overvaking av sigevann frå avfallsdeponier» utgitt av SFT i 2005 ( TA 2077/2005). Det er viktig at eit nytt overvakingsprogram vidareførar kontinuiteten frå eksisterande overvakingsprogram. Det nye programmet må være detaljert nok og hyppigheten må være tilstrekkelig til å dokumentere forurensningssituasjon.

Prøvetaking og analyse skal gjerast etter anerkjente metodar, jf § 9-14 i avfallsforskrifta. Prøvetakinga skal utføres etter Norsk Standard eller anna internasjonal standard dersom dette finnes. Prøvene skal analyserast på laboratorium som er akkrediterte for dei ulike parameterane.

Det er verksemda som har ansvar for å sjå etter at overvakingsprogrammet er tilstrekkelig til å avdekke eventuelle uakseptable utslipp frå deponiet til omgivnaden.

Effekt av eventuelt lokalt reinseanlegg for sigevatn skal dokumenterast. Verksemda må utarbeide eit eige program for å overvake reinseprosessen tilpassa godkjent reinseløysning.

Verksemda pliktar også å syte for at resultatet av all overvaking vert vurdert av fagleg sakkyndig. Dersom vurderinga viser at det er behov for tiltak for å overhalde krava i dette løyvet, er verksemda også pliktig til så snart som praktisk mogeleg å utbetre forholda.

Ei årleg samanstilling og vurdering av overvakingsresultata skal kunne leggjast fram for ureiningsstyresmakte.

### 9.4.4 Overvaking av deponigass

Det skal gjennomførast regelbunden kontroll av gassproduksjon og gasslekkasje frå deponiet sin overflate tilpassa deponiet sitt innhald av biologisk nedbrytbart avfall.

Overvakninga skal vere representativ for kvar avgrensa deponicelle<sup>6</sup>.

---

<sup>6</sup> Forskriften stiller krav om at overvakingen av *gassdanninge* må være representativ for kvar seksjon av deponiet.

Frekvens og metodikk skal vere omtalt i miljøkontrollprogrammet og minimum tilfredstille krava i avfallsforskrifta vedlegg III og vilkår 7.

Uttak av deponigass og innhald av metan skal målast kontinuerleg. Overvakinga av deponigassuttaket skal elles tilpassast krava til rapportering, jf vilkår 10.

Det varslast også at krav om måling av deponigassen sin samansetjing utover innhald av metan kan kome.

## **10 Rapportering**

Resultat av registrering og kontroll av mottatt avfall samt overvaksingsdata i høve til vilkår 9.4 skal rapporterast til ureiningsstyresmakta i samband med den årlege eigenrapporteringa med frist 1. mars, jf. avfallsforskrifta § 9-13 og på den forma som ureiningsstyresmakta avgjer.

Rapporteringa skal skje i det nye elektroniske systemet for rapportering Altinn. For rapportering av farleg avfall skal EAL-koder nyttast, for anna avfall skal NS9431 nyttast<sup>7</sup>.

Når det gjeld deponigass, skal det som minimum rapporterast på:

- Tal driftstimar for anlegget siste år
- Mengde gass oppsamla
- Volumprosent metan i gass
- Mengde metan til fakling
- Mengde metan til varme
- Mengde metan til elektrisitet

Rapporten skal også innehalde ei vurdering av resultatata og behov for tiltak.

## **11 Førebyggjande og beredskapsmessige tiltak mot akutt ureining**

### **11.1 Etablering av beredskap**

Verksemda skal, på bakgrunn av ein miljørisikoanalyse og dei iverksatte risikoreduserande tiltaka, om naudsynt, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt ureining. Beredskapen skal være tilpassa den miljørisikoen som verksemda til alle tider representerer. Beredskapen mot akutt ureining skal øvast minimum ein gong pr. år.

### **11.2 Varsling av akutt ureining**

Akutt ureining eller fare for akutt ureining skal varslast i høve til gjeldande forskrift<sup>8</sup>. Verksemda skal også så snart som mogeleg gje melding til Fylkesmannen.

---

<sup>7</sup> Denne inndelinga er i samsvar med strukturen i databasen Forurensning.

<sup>8</sup> Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

## **12 Eigarskifte**

Dersom verksemda vert overdrage til ein ny eigar, skal Fylkesmannen ha melding så snart som mogeleg og seinast 1 månad etter eigarskifte.

## **13 Tilsyn**

Verksemda plikter å la representantar for ureiningstyresmakta føre tilsyn med anleggene til einkvar tid.

## VEDLEGG 1

### Liste over prioriterte stoffer, jfr. punkt 2.1.

Utslipp av disse komponent er bare omfatta av løyvet dersom dette gjeng uttrykkeleg fram av vilkåra i pkt. 3 flg. eller de er så små at dei vurderast å ikkje ha miljømessig tyding.

#### Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
<b>Arsen</b> og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
<b>Bly</b> og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
<b>Kadmium</b> og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
<b>Kobber</b> og kobberforbindelser	Cu og Cu-forbindelser
<b>Krom</b> og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

#### Organiske forbindelser:

	Vanlige forkortelser
<b>Bromerte flammehemmere:</b>	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'isopropyliden difenol)	TBBPA
<b>Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)</b>	DEHP
<b>Klorholdige organiske forbindelser</b>	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkaner C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Mellomkjedete klorparafiner C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkaner C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tetrakloreten	PER
Tensidene:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Trikloreten	TRI
<b>Muskylener</b> (nitromuskforbindelser):	
Muskxylen	
Musketon	
<b>Nonylfenol og nonylfenoletoksilater</b>	NF, NP, NFE, NPE
<b>Oktylfenol og oktylfenoletoksilater</b>	OF, OP, OFE, OPE
<b>Perfluor oktylsulfonat og andre perfluorerte alkylsulfonater</b>	PFOS, PFAS
<b>Polysykliske aromatiske hydrokarboner</b>	PAH
<b>Tinnorganiske forbindelser:</b>	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT